

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDALDato: 31.03.2017
Vår ref.: 2016/10523-20
Saksbehandlar: Iarbirik
Dykkar ref.:

Kommuneplan for Kvinnherad 2016-2026 - Tillegg til kulturminnefråsegn vedrørende Fjelbergsund F-15-02 Fritidsbustad og F-15-03 Fritidsbustad

Fylkeskonservatoren viser til Hordaland fylkeskommune si fråsegn datert 22.02.2017. Viser og til telefonsamtale med dykkar Anbjørn Høyvik samt e-post frå Høyvik datert 29.03.2017 der me vart samde om at Hordaland fylkeskommune ved fylkeskonservatoren sender over eit tillegg til fråsegna med omsyn til kulturminne grunna ein inkurie i samband med høyringa av kommuneplanen.

Fylkeskonservatoren ber om at det føreslegne hyttefeltet F-15-02 vert teke ut av kommuneplanen, då det er i strid med Riksantikvaren si vurdering av heilskapen i kulturlandskapet ved innseglinga til Fjelbergsundet i brev av 14.04.2008. Nærføring til gravrøys i nordaust med id. 6394, er i fylgje forslag til nytt kommuneplankart om lag 10 meter. Området rundt Sydnessundet og Fjelbergsundet har den største samlinga kystrøysar på Vestlandet.

Vidare er F-15-03 Fritidsbebyggelse lagt som fortsetjing sørover frå eksisterande hytte på gnr. 211, bnr. 10. Dette feltet vil og kunne verke negativt inn på landskapet. For å dempe fjernverknaden må det i alle høve leggjast klare føringar til reguleringsplan med omsyn til landskapsverknaden.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.